

3.5.4. Retningslinjer for Kulturutvalet i Sirdal kyrkjelyd:

Formål

Kulturutvalet skal arbeide for eit mangfald av kulturtilbod i regi av Sirdal kyrkjelyd. Kulturutvalet skal medvirke til og ha oversyn over dei ulike kulturarrangementa i regi av kyrkjelyden.

Mandat

Kulturutvalet sitt mandat er todelt:

1. Planlegge og gjennomføre egne kulturtilbod
2. På vegne av soknerådet skal leiar av kulturutvalet saman med dagleg leiar og kantor, ta stilling til relevante kulturtilbod.

Økonomi

Kulturutvalet har ikkje eigen økonomi. Sirdal sokneråd syter for naudsynt økonomisk støtte til arrangement i regi av utvalet. Det er eit mål at arrangement i regi av kulturutvalet går i balanse. Avtalar som inneber store økonomiske utlegg skal klarerast med soknerådet først.

Organisering

Kulturutvalet består av 5-8 medlemar som er oppnemnt av soknerådet. Kantor har fast plass. Utvalet vel sjølv leiar og sekretær.

Funksjonstid

Medlemane av utvalet blir vald inn for fire år. Ny oppnemning skjer kvart andre år for halve utvalet.

Rapportering

Det føres møteprotokoll i saker det fattast vedtak i. Kopi av møtebok sendast soknerådet.

Retningslinene blei vedtatt av Sirdal sokneråd 30.04.2014